



TOKKE KOMMUNE

LANDBRUKSKONTORET

PRESSEMELDING.

Årets elgjakt er avslutta og elgjegerane i Tokke kan nok ein gong slå seg på brystet og sei, **vel utført**.

Løn for vel utført jobb er ei elgstamme i godt hald, der vekstpotensialet i produksjonsdyra er teke vare på. Dette er ein garanti for at ein også neste år kan reise til skogs å plukke ut både store å små dyr og i same antall som dei 5 siste åra.

Sjå på desse tala. Betre kan ein ikkje gjera det. Kom i hug at dette er resultatet av kva mange hundre jegarar har beslutta.

Kommunen gav ei kvote på 236 dyr og det vart felt 197 dyr. **Det er ein fellingsprosent på 83 %.**

Det er 3 dyr mindre enn i 2012. Fellingsprosenten då, var 87 %. Det vart då felt 200 dyr av ei kvote på 231 dyr.

Fordeling på alder og kjønn er god. Når det gjeld kalv og ungdyr vart det felt kalv 38 (41) % og ungdyr 19(17) %. Eldre kyr 17(14) %. I høve hodyr –hanndyr 46(42) – 54(58). Dersom vi ser på kjønnsfordelinga på kalv, så er den 17 % oksekalv og 21 % kukalv.

Vi har felt 57% kalv og ungdyr. I 2012 var dette og 57%.

I høve til skadeskyting er vi godt nøgde, når ein ser storleiken på kvota. Her vil ein alltid kunne bli betre, og vi ha fokus på dette med skadeskyting, heile tida.

Vi oppmoda jaktlaga til å felle små uproduktive dyr. Det ser vi på vektene er litt begge delar, men det var og forventa. Vi skyt no om lag tilveksten i stamma. Betre avskyting trur vi knapt det går an å få til, når fleire hundre jegarar skal samhandle.

Tokke kommune er atypisk i høve til korleis vi forvaltar elgstamma. Vi har ei fin stamme med rimeleg god utvikling. Vi ser at harde vintrar og ein del rovvilt har ført til mindre kalveproduksjon. Det må vi taka omsyn til framover.

Vi ser at kvotene dei siste åra er tilveksten ,og vår kunnskap om å sparar på produksjonsdyra og skyt hardt på kalv gjev oss den stamma vi har i dag.

Jakttid i Tokke er utvida. Av dei 37 jaktfelt/lag som vi har var det bare 6(5) kalvar og 5 (4) vaksne dyr som vart skote i november og av dei vart med få unntak, dyra skote i fyrste del av nov. Ein jakta svært mykje i 2013.

Slik vi kan vurdere elgstamma i dag, etter ”sett elg” skjema for 2013, så har vi ei elgstamme pr. 31.12.13 som er om lag som sist år, litt mindre kanskje. Det varierer litt rundt forbi, men tala seier ein nedgang.

Målet vårt er ein nedgang over tid. Der vi ser nedgangen er på Skafsåheia. Vinterjakta i

Fyresdal meiner vi er grunne til det. Det er vårt syn at denne bør avsluttast. Kvota no, ser ut til å vera rundt tilveksten. Det vi ser er ein liten variasjon på ulike jaktlag. Skafså og nordover i høgfjellet har mindre elg. Resten er forbausande stabilt.

Produktiviteten målt i sett kalv pr. kalvku fekk ein knekk i 2013, men det trur vi er ein kald vinter og rovvilt i området er grunnen.

Minstearealet pr. i dag er 2.500 da. Vi ser i dag ingen grunn til å endre dette. Sett elg står sentralt i desse vurderingane. Dette er ikkje eit eksakt verktøy, men vi har tala frå 1987 og fram til i dag.

Når vi ser bakover har desse talla har gjeve eit godt bilete av utviklinga av elgstamma i Tokke i desse åra. Derfor held vi fast på dette som vårt viktigaste verktøy.

Når det gjeld beite, så ser vi at skogbruket endrar seg og hogsten held seg på eit historisk lågt nivå. Det vil og vera med å bestemma stamma sin storleik i åra framover. Stamma må ned litt til. Med den harde snøvintern vi har no ser vi for oss at kalveproduksjonen også neste år vert svak. Vi trur då at stamma er på eit nivå der eit minstearealet på 3.000 eller 3.500 da er det rette.

Fellingsresultata og ”sett elg ”for 2013 vil bli lagt ut på heimesida til Tokke kommune. Elles fin det tala for kvar jaktlag , både sett elg og vekter og avskyting på : www.hjortevilt.no .

Dalen 20. februar 2013

Sverre Bakke
skogbrukssjef